



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 08.01.2026

Vår ref.: 202520856-3 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Høyring av søknad om uttak av grunnvatn frå Langøddin i Vestre Slidre, Innlandet

NVE har fått ein søknad frå Vestre Slidre kommune om løyve etter vassressurslova til å ta ut grunnvatn frå Langeøddin. Søknaden blir no sendt på høyring med frist 19.02.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad, datert 13.10.2025, om løyve etter vassressurslova til å ta ut grunnvatn til Vaset vassverk. Eksisterande uttak frå Langeøddin skal utvidast, og grunnvatn skal takast ut frå tre lausmassebrønnar på søraustsida av Røvshalåni. Maksimum uttak er 20,8 l/s, men det er estimert eit gjennomsnittleg uttak på 4 l/s. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9792/v. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45.

NVE skal behandle brønnane, vassuttaket og sjøleidning frå brønnområdet til vassbehandlingsanlegget.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/konsesjon-til-vassdragstiltak/

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngjeve forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9792/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn 202520856», og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn 202520856», og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **19.02.2026**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Vestre Slidre kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Silje Aakre Solheim
seksjonssjef

Marianne Ask
rådgjevar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Dette er godkjent i henhold til interne rutinar

Mottakarliste:

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
Norges Miljøvernforbund
Mattilsynet
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV INNLANDET
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
INNLANDET FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

VESTRE SLIDRE KOMMUNE
VESTRE SLIDRE KOMMUNE - Kai Andre Hauglid